

Sak nr	Utval	Møtedato
53/17	Det faste planutvalet	26.09.2017

KOMMUNEDELPLAN FOR FYSISK AKTIVITET - FORSLAG TIL HANDLINGSPROGRAM 2018-2021

Det faste planutvalet	26.09.2017
Handsaming: Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.	
Innstilling/vedtak: Det faste planutvalet vedtek å legge forslag til Handlingsprogram for fysisk aktivitet 2018-2021 ut til offentleg høyring i 6 veker.	
Merknadsfristen blir sett til 10. november 2017.	

VEDLEGG:

Forslag til Handlingsprogram 2018-2021.

PS 31/17 – Oppstart rullering av Handlingsprogram for fysisk aktivitet 2018-2021

Oppgåve over utvalde høyringspartar

KORT SAMANDRAG AV SAKSUTGREIINGA:

Vedtak om å legge forslag til Handlingsprogram for fysisk aktivitet 2018-2021 ut til offentleg høyring.

SAKSUTGREIING:

Det faste planutvalet vedtok i møte 30.05.17, sak 31/17, oppstart av rullering av Handlingsprogram 2018-2021.

Melding om oppstart av rulleringa blei kunngjort på Skodje kommune si heimeside, i Kommunenytt og sendt direkte pr epost til utvalde høyringspartar, jf vedlagt liste.

Framdriftsplan.

Fasar i planarbeidet	Samarbeid og medverknad	Pol/adm handsaming	Framdrift
Oppstart av planarbeid	Politisk behandling og vedtak	Det faste planutvalet	Mai/juni
Oppstart av planarbeid	Varsel om oppstart – annonse Partane får særskilt varsel	Rådmannen	Mai/juni

Utarbeiding av forslag til handlingsprogram 2018-2021	Administrasjonen	Rådmannen	Aug/sept
1. gongs handsaming av handlingsprogram	Politisk behandling og vedtak	Det faste planutvalet	26. sept
Offentleg ettersyn handlingsprogram	Innspel frå lag og organisasjonar, idrettsråd og barnerepr.	Rådmannen	Okt/nov.(6 veker)
Innlemme merknader Eigengodkjenning av kommunedelplan	Adm. behandling Politisk behandling og vedtak	Rådmannen Det faste planutvalet Kommunestyret	November 28. nov 12. des

Kvart år er det større og mindre revideringar i føresegnene for spelemiddeltilskot til anlegg for idrett og friluftsliv, publikasjonen V-0732 N.

Nytt for komande søknadsomgang er at alle som søker, må vere registrert med org.nr i einingsregisteret. Det gjeld også burettslag og velforeningar, som berre kan søkje på spelemidlar til nærmiljøanlegg.

Elles er det verdt å merke seg at det ikkje er krav om tinglysing av grunneigaravtalar som gjeld opparbeiding av turstiar, tur-/skiløyper og turstiar.

For turstiar som ordinære anlegg skal det vere avtale på 30 år, medan det er 20 år for nærmiljøanlegg.

For tur-/skiløyper og turstiar skal retten til grunn heimlast i avtale av minimum 10 års varigheit, med automatisk fornying av 10 nye år om gongen, dersom ingen av avtalepartane har sagt opp avtalen seinast eitt år før utløp av avtaletida.

Det er kome ein merknad til varsel om oppstart av rullering av handlingsprogrammet:

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknader.

VURDERING:

Det er pr dato berre to prosjekt som det heilt sikkert vil bli søkt spelemidlar på i søknadsomgangen i januar 2018.

Det er utbetring av turvegen mellom Brusdal og Utvika, og rehabilitering av ballbingen på Valle.

Men vonleg vil fleire prosjekt kome til i løpet av hausten.

Det gjeld m.a.:

- Opparbeiding av aktivitetsområde v/Skodje u-skule
- Trimpark i Tusenårsparken
- Ballbinge mm ved skulen i Brusdal
- Påbygg klubblokalet til trialklubben
- Bygge ut sykkelbana ved Skodje stadion
- Tursti på Valde
- Samanhengande sykkelsti rundt Svarteløkvatnet, knytt til skiløypetraseane

Det er ikkje krav om at nærmiljøanlegg med ei kostnadsramme under kr 600.000,- må vere teke med i politisk vedteke handlingsprogram for å kunne få spelemidlar. Men i Skodje kommune har vi valt å ta med desse for å gje politikarane ei samla oversikt over anleggsutbygginga.

INNSTILLING:
RÅDMANNEN SI INNSTILLING

Det faste planutvalet vedtek å legge forslag til Handlingsprogram for fysisk aktivitet 2018-2021 ut til offentleg høyring i 6 veker.

Merknadsfristen blir sett til 10. november 2017.